



Byggprosjekt AS
Postboks 53, Fantoft
5072 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2835 - 17/5428

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
17.02.2017

Forlenga mellombels bruksløyve - gbnr 134/471 Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 075/17

Tiltakshavar: Alversund Utvikling AS

Ansvarleg søkjar: Byggprosjekt AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at sjølve tiltaket er ferdigstilt, med unntak av ein del dokumentasjon. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 03.11.2015.

Ansvarleg søkjar har under synfaring allereie 29.06.2016 stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Følgjande arbeid står att:

- «Utarbeidelse, sammenstilling og overlevering av FDV dokumentasjon».
- «Innsendelse av sluttrapport avfallshåndtering».

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: rekkehus i 2 etasjer med 5 bueiningar og underbygget fellesgarasje for 26 bilar samt tilhøyrande installasjonar og anlegg.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.03.2017.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.01.2017.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Rekkehus i 2 etasjer med 5 bueiningar samt fellesgarasje
Bygningsnummer:	Ikkje tildelt



Nye bruksnummer	490, 491, 492, 493 og 494
Bruksareal:	Ca 530m2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for rekkehus med 5 bueiningar på gbnr 134/490, 491, 492, 493 og 494 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile av tiltaket:
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.03.2017.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningane må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2835

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alversund Utvikling AS Fagernes 4 5043 BERGEN

Mottakarar:

Byggprosjekt AS Postboks 53, 5072 BERGEN
Fantoft